



DEN 16. NORDISKE LÆRERUDDANNELSESKONFERENCE

INNOVATION I UNDERVISNING OG LÆRING

Foredragsholder:	Eli Bjørhusdal og Hege Myklebust
Jobtitel:	Professor
Kvalifikationer	Phd
Organisation:	Høgskulen på Vestlandet
Titel på Præsentation:	Kompetanse i nynorsk hos nyutdanna lærarar i Noreg
Type af præsentation:	Oral presentation
Sprog:	Scandinavian
Tema:	3. Innovative education within the area of inclusion, gender and multicultural

Abstrakt: Vi vil presentere ein planlagt studie av korleis eit utval nyleg uteksaminerte grunnskulelærarar opplever sin eigen kompetanse i nynorsk. Undersøkingar av språkkompetansen til elevar med nynorsk som hovudmål viser at denne elevgruppa har problem med å meistre rettskriving og formverk i hovudmålet sitt (sjå t.d. Bjørhusdal og Juuhl, 2017). Desse elevane er i språkleg mindretal og er såleis er mindre eksponerte for fyrsteskriftspråket sitt i kvardagen. Difor kan språkopplæringa dei får gjennom formell undervisning, vere særleg viktig (Darquennes, 2013). Norsk er ikkje obligatorisk i 5.–10.-løpet i norsk lærarutdanning. Nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane føreskriv fullkompetanse i bokmål og nynorsk hos uteksaminerte lærarar, men gjev ingen føringar for korleis ein skal heve og teste nynorskkompetansen til studentar som ikkje har valt norsk, heller ikkje til dei med bokmål som hovudmål (UHR, 2019). Vi vil intervjuje eit utval nyutdanna lærarar frå tre vestlandske lærarutdanningar som no underviser på nynorskskular for å få deira vurderingar av kva for grunnlag dei meiner lærarutdanninga har gjeve dei til å 2 undervise på nynorsk, og av korleis dei vurderer sin eigen kompetanse i å undervise i og på nynorsk. Vonleg vil studien gje viktige innspel til morsmålsopplæringa i norsk lærarutdanning. Referansar: Bjørhusdal, E. og Juuhl, G. (2017). Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar. *Maal og Minne* 1(109), 93–121. Darquennes, J. (2013).



Language policy and planning in indigenous language minority settings in the EU. *Revue Française de Linguistique Appliquée* 2(XVIII), 103–119. UHR (Universitets- og høskulerådet). (2019). Nasjonale retningslinjer for lærerutdanningene.